



Prop. 27 S

(2011–2012)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet for 2011 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 18. november 2011,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet (OED) med framlegg til endringar i statsbudsjettet for 2011 i samsvar med kapittel 2. Departementet gjer greie for bruk av fullmakt under petroleumsverksemda i kapittel 3. I kapittel 4 gjer departementet vidare greie for Statnetts oppgåve som registeransvarleg under elsertifikatordninga.

2 Endringar i statsbudsjettet for 2011

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å auke løyvinga med 3,1 mill. kroner knytt til handsaming og oppfølging av søknader om utvinningsløyver. Utgiftsauken blir motsvara av ein tilsvarende inntektsauke under kap. 4810, post 01 Gebyrinntekter. Endringa skuldast at Oljedirektoratet har fått meir arbeid med handsaming av søknadene knytt til TFO 2011 (Tildeling i førehandsdefinerte område).

Nytt forslag til løyving er 235,3 mill. kroner.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Det blir foreslått å redusere løyvinga knytt til Oljedirektoratets oppdrags- og samarbeidsverksemd med 4 mill. kroner. Endringa har hovudsakeleg samanheng med lågare aktivitetsnivå enn tidlegare budsjettert knytt til samarbeidsprosjektet Force. Utgiftsreduksjonen blir motsvara av ein tilsvarende inntektsreduksjon under kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd. Det er uvisse i høve til omfanget av oppdrags- og samarbeidsverksemda.

Nytt forslag til løyving er 194,1 mill. kroner.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Flaumhendingane sommaren 2011

I løpet av sommaren 2011 var det fleire store flaumhendingar. Flaumen i pinsa førte til omfattande skadar i Hedmark og Oppland, særleg alvorlege var skadane i Gudbrandsdalen. Seinare på sommaren gjorde nye flaumhendingar store skadar også i delar av Telemark, Buskerud, Sogn og Fjordane og Sør-Trøndelag.

Flaumhendingane har ført til eit stort behov for krise- og hastetiltak. Dette omfattar kortsiktige tiltak som blir setje i verk under og like etter ein

flaum for å avverje akutt fare for skadar og sikringstiltak som må gjennomførast for å avverje nye skadar ved neste flaum. Der det er kartlagt behov for hastetiltak har årets flaummar ført til ein auka fare for skadar, særleg fordi erosjon og masseavlagring kan føre til at elvar og bekker ved neste flaum tek nye løp.

Med bakgrunn i det som er omtala ovanfor blir det foreslått tilleggsløyvingar på til saman 26 mill. kroner i 2011 til krise- og hastetiltak og meirutgifter som NVE har hatt som følge av flaumhendin-gane i 2011. Vidare blir det foreslått fullmakter til å pådra forpliktingar utover gitt løyving på til saman 74 mill. kroner. Forslag til tilleggsløyvingar fordeler seg med 0,8 mill. kroner under post 01 Driftsutgifter, 25 mill. kroner under post 22 Flaum- og skredførebygging og 0,2 mill. kroner under post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald. Vidare blir det foreslått auka fullmakt til å pådra forpliktingar utover gitte løyvingar på 64 mill. kroner under post 22 Flaum- og skredførebygging og 10 mill. kroner under post 60 Tilskot til skredførebygging

Distriktsbidrag for tiltak som blir gjennomført under post 22 er rekna til 5 pst. for hastetiltaka. Distriktsbidrag blir fyrst innbetalt etter at anlegga er ferdigstilt. Det budsjetterast difor ikkje med auka innbetaling av distriktsbidrag i 2011. Olje- og energidepartementet vil kome tilbake til dette i 2012.

Post 01 Driftsutgifter

Det blir vist til omtale ovanfor og auka driftsutgifter som NVE har hatt som følge av flaumhendin-gane i 2011. Det blir foreslått å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner på posten. Nytt forslag til løyving er 423,6 mill. kroner.

Post 22 Flaum- og skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 60

Det blir vist til omtale ovanfor. Det blir foreslått å auke løyvinga med 25 mill. kroner på posten. Nytt forslag til løyving er 125,3 mill. kroner.

Vidare blir fullmakta til å pådra forpliktingar utover gitt løyving foreslått auka frå 50 til 114 mill. kroner, jf. Forslag til vedtak II.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast

Det blir vist til omtale ovanfor og auka utgifter som følge av tapt utstyr etter flaumhendin-gane i 2011. Det blir foreslått å auke løyvinga med

0,2 mill. kroner på posten. Nytt forslag til løyving er 9,2 mill. kroner.

Post 60 Tilskot til skredførebygging, kan overførast, kan nyttast under post 22

Det blir vist til omtale ovanfor. Det blir foreslått ein fullmakt til å pådra forpliktingar for inntil 10 mill. kroner utover gitt løyving, jf. Forslag til vedtak II.

Kap. 1833 CO₂-handtering

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Fullskala CO₂-handtering på Mongstad – Mongstad Steg 2

Det er for tida eit stort arbeid på gong med å planleggje og førebu fullskala fangst av CO₂ frå kraftvarmeverket på Mongstad. Utviklinga viser at det er mange tekniske, økonomiske og kommersielle utfordringar ved å byggje og drive eit fullskala anlegg for CO₂-fangst på Mongstad.

I Meld. St. 9 (2010-2011) *Fullskala CO₂-handtering*, Prop. 120 S (2010-2011) og Prop. 1 S (2011-2012) har Regjeringa gjort greie for revidert tidsplan og prosjektplan for fullskala CO₂-handteringsprosjektet på Mongstad.

Arbeidet med teknologikvalifisering etter den reviderte prosjektplanen har starta. Målet med det etablerte teknologikvalifiseringsprogrammet er å kvalifisere minst ein teknologi og demonstrere at denne teknologien kan skalerast opp og nyttast på kraftvarmeverket på Mongstad, samt at den vil oppfylle alle HMS-krav.

Gassnova og Statoil har inngått avtaler med fem ulike teknologileverandørar med tre ulike teknologiar. Desse leverandørane skal vere med i det vidare arbeidet med teknologikvalifisering på Mongstad.

Dagens informasjon tyder på at Regjeringa vil kunne legge fram eit samla beslutningsgrunnlag for Stortinget seinast i 2016.

Teknologikvalifiseringsprogrammet opnar likevel for raskare framdrift dersom det er mogleg. Mellom anna skal det vurderast om ny kunnskap om aminer vil kunne medføre raskare framdrift i prosjektet, jf. Prop. 1 S (2011-2012).

I Prop. 120 S (2010-2011) ble det gjort førebelse justeringar av budsjettbehovet for 2011 som følge av endra framdriftsplan. Endringa i framdrifts- og prosjektplanen førte med seg at tidlegare planlagde aktivitetar blei flytta eller endra. Basert på arbeid som er gjort i haust, er budsjettkonsekven-

sane av den endra framdrifts- og prosjektplanen ytterlegare justert.

Budsjettbehovet knytt til planlegging og førebuing av fullskala CO₂-handtering på Mongstad blir redusert med 73 mill. kroner. Nytt anslag er 277 mill. kroner.

Eit oppdatert kostnadsanslag for planleggingsfasen er utarbeidd i haust. Dette anslaget viser at samla kostnader, for heile planlegginga av fullskala CO₂-fangst på Mongstad fram til avgjerde om investering, vil kome på om lag 3 mrd. kroner. Dette samsvarer med det førebelse anslaget omtalt i Meld. St. 9 (2010-2011), Prop. 120 S (2010-2011) og Prop. 1 S (2011-2012).

Som varsla i Meld. St. 9 (2010-2011), skal Gassnova gjennomføre eit utredningsarbeid der føremålet er å bidra til ein kartlegging av moglegheitene for å realisere fullskala CO₂-handtering andre stader enn på Mongstad. Midlar til å starte dette arbeidet er rekna til om lag 8 mill. kroner i 2011.

Transport og lagring av CO₂ frå Mongstad

Arbeidet med planlegging og førebuing av transport og lagring av CO₂ er samordna med arbeidet med fullskala fangst av CO₂ frå Mongstad. Etter at ein revidert framdriftsplan vedteke tidlegare i år, jf. Prop. 120 S (2010-2011), er framdriftsplanen for arbeidet med transport og lagring også revidert. Som følgje av dette er aktivitetar som opphavleg var planlagt i 2011, flytta ut i tid. Dette gjeld mellom anna oppbemanning av prosjektet og gjennomføring av studiar. Samstundes har Gassnova gjennomført aktivitetar i 2011 til ein lågare kostnad enn opphavleg overslag.

Budsjettbehovet for transport og lagring av CO₂ frå Mongstad blir redusert med 80 mill. kroner. Nytt anslag er 140 mill. kroner.

Oppsummering

På bakgrunn av endringane nemnd ovanfor blir løyvinga foreslått redusert med totalt 153 mill. kroner.

Nytt forslag til løyving er 437 mill. kroner. Disponibelt budsjett under posten, inkludert overførte midlar frå 2010, utgjer totalt om lag 497 mill. kroner for 2011.

Post 72 Lån, TCM DA, kan overførast

Gassnova har rapportert oppdaterte tidsfordelte overslag knytt til finansieringsbehovet for TCM DA i samband med investering i og driftsføre-

buing av teknologisenteret på Mongstad. Statens del av finansieringsbehovet for 2011 ligg an til å kunne reduserast i høve til tidlegare overslag medan overslaget for 2012 ser ut til å auke. Det blir foreslått å redusere løyvinga for 2011 med 150 mill. kroner. Departementet vil kome tilbake med oppdatert budsjettoverslag for 2012 i revidert budsjett 2012. Overslaget for investering i testsenteret (5 774 mill. kroner eksklusiv meirverdiavgift) er ikkje endra i høve til det Stortinget er informert om i Prop. 1 S (2011-2012).

Nytt forslag til løyving er 730 mill. kroner. Disponibelt budsjett under posten, inkludert overførte midlar frå 2010, utgjer totalt 1 455 mill. kroner for 2011.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Grunnlaget for forslaget til nye løyvingar kjem frå ein oppdatert prognose for 2011 frå Petoro. Denne prognosen er basert på rekneskapsføring for inntekter og utgifter per 30. september 2011 og overslag for resten av året.

Kap. 2440, post 30 Investeringar blir redusert med 4 000 mill. kroner, frå 25 000 til 21 000 mill. kroner. Det er venta reduserte investeringar mellom anna på grunn av utsett boring på Gullfaks, Oseberg, Visund og Åsgard. Som følgje av redestimering på Heidrun vil SDØE få tilbakebetalt investeringar på om lag 800 mill. kroner. Det er inngått ei avtale med Faroe Petroleum Norge AS våren 2011 om bytte av eigardelar mellom Faroe og staten (SDØE). Dette fører til at investeringane blir redusert med 350 mill. kroner. Dette byttet er nærmare omtalt i Prop. 120 S (2010-2011). Det er framleis stor uvisse om investeringsbiletet i fjerde kvartal 2011.

Kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter blir auka med 13 200 mill. kroner, frå 167 500 til 180 700 mill. kroner, som følgje av høgare overslag for prisar for olje og gass. Det er no lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på 616 kroner per fat for 2011. I revidert budsjett 2011 blei det lagt til grunn ein gjennomsnittleg oljepris på 575 kroner per fat. Driftsinntektene er også auka på grunn av høgare overslag for sal av gass enn i revidert budsjett. Auken blir noko motverka av lågare sal av olje. Som følgje av bytteavtala som ble inngått med Faroe Petroleum er driftsinntektene redusert med 1 500 mill. kroner.

Kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter blir auka med 800 mill. kroner, frå 31 200 til 32 000 mill. kroner. Endringa skuldast auka gasspris for kjøp av gass for vidaresal. Som følgje av

bytteavtala med Faroe Petroleum er driftsutgiftene redusert med 220 mill. kroner.

Kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter blir redusert med 500 mill. kroner, frå 2 500 til 2 000 mill. kroner som følgje av utsette leitebrønner.

Kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar blir auka med 100 mill. kroner, frå 16 500 til 16 600 mill. kroner. Endringa skuldast høgare overslag på avskrivningane på fjerningsutgiftene.

Kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital blir redusert med 100 mill. kroner, frå 6 700 til 6 600 mill. kroner. Endringa skuldast hovudsakleg oppdatering av overslag for statens faste kapital. Kalkulatorisk rente for 2011 er basert på ein rentesats på 3,08 pst.

Endringane nemnd ovanfor fører til at kap. 5440, post 24 Driftsresultat blir auka med netto 12 900 mill. kroner, frå 110 600 til 123 500 mill. kroner.

Tabell 2.1 Endringar på statsbudsjettet 2011 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksemda (i mill. kroner)

Kap./post		Gjeldande	Forslag til		
Underpost	Nemning	løyving ¹	ny løyving	Endring	
2440	30	Investeringar.....	25 000	21 000	-4 000
Sum kap. 2440		25 000	21 000	-4 000	
5440	24.1	Driftsinntekter	167 500	180 700	13 200
	24.2	Driftsutgifter	-31 200	-32 000	-800
	24.3	Leite- og feltutviklingsutgifter	-2 500	-2 000	500
	24.4	Avskrivningar	-16 500	-16 600	-100
	24.5	Renter av statens kapital	-6 700	-6 600	100
	24	Driftsresultat	110 600	123 500	12 900
	30	Avskrivningar	16 500	16 600	100
	80	Renter av statens kapital	6 700	6 600	-100
Sum kap. 5440		133 800	146 700	12 900	
Kontantstraum frå SDØE:					
		Innbetalningar ²	167 500	180 700	13 200
		Utbetalningar ³	58 700	55 000	-3 700
Nettokontantstraum frå SDØE		108 800	125 700	16 900	

¹ Gjeldande løyving for 2011 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 13. desember 2010 og seinare endringar i 2011 (revidert budsjett), jf. Prop. 120 S og Innst. 420 S (2010-2011) .

² Innbetalningar = driftsinntekter

³ Utbetalningar = driftsutgifter + leite- og feltutviklingskostnader + investeringar

Desse endringane medfører samla sett at netto kontantstraum frå SDØE blir auka med 16 900 mill. kroner, frå 108 800 til 125 700 mill. kroner.

Kap. 2442 Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast

Løyvinga blir foreslått redusert med 9 mill. kroner som følgje av lågare utgifter knytt til fjerningsarbeid.

Nytt forslag til løyving er 1,6 mill. kroner.

Kap. 2490 NVE Anlegg

Kap. 2490, underpost 24.1 Driftsinntekter blir foreslått auka med 23 mill. kroner, frå 54 mill. kroner til 77 mill. kroner. Driftsinntektene aukar som følgje av vesentlig meir arbeid i Nord-Noreg for Statens vegvesen, samt etterslep av inntekter etter eksternt arbeid utført på slutten av 2010. I tillegg har det vore auka aktivitet, mellom anna som følgje av flaumhendingane i 2011.

Kap. 2490, underpost 24.2 Driftsutgifter blir foreslått auka med 23 mill. kroner, frå 47,3 mill. kroner til 70,3 mill. kroner. Endringa skuldast

auka materialkostnader og ekstern bistand som følgje av auka aktivitet.

Post 24 Driftsresultat

Tabell 2.2 Endringar under kap. 2490 NVE Anlegg (i 1 000 kr)

Kap./post/ underpost	Nemning	Gjeldande overslag	Nytt overslag	Endring	
2490	24.1	Driftsinntekter	-54 000	-77 000	-23 000
	24.2	Driftsutgifter	47 300	70 300	23 000
	24.3	Avskrivningar.....	5 600	5 600	0
	24.4	Renter av statens kapital.....	1 100	1 100	0
	24	Driftsresultat.....	0	0	0

Endringane i underpostar fører ikkje til endring i driftsresultatet for NVE Anlegg under kap. 2490, post 24 i høve til gjeldande løyving for 2011.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet

Post 70 Garantiprovisjon, Gassco

Løyvinga blir foreslått redusert med 0,15 mill. kroner. Endringa har samanheng med at forsikringspremien på Gasscos ordinære ansvarsforsikring for 2011 er venta å bli lågare enn det ein tidlegare rekna med. Garantiprovisjonen er satt til 70 pst. av ordinær ansvarsforsikring.

Nytt forslag til løyving er 1,25 mill. kroner.

Kap. 4810 Oljedirektoratet

Post 01 Gebyrinntekter

Løyvinga blir foreslått auka med 3,1 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarende auke av løyvinga under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving er 16,8 mill. kroner.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga blir foreslått redusert med 4 mill. kroner, jf. omtale og tilsvarende reduksjon av løyvinga under kap. 1810, post 21.

Nytt forslag til løyving er 70,4 mill. kroner.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 01 Gebyrinntekter

Løyvinga blir foreslått redusert med 3,5 mill. kroner. Endringa har samanheng med at det ikkje leggast opp til å krevje inn gebyr for 2011 knytt til innføring av økodesigndirektivet. Vidare skuldast mindreinntekten for mykje utfakturert i 2010 knytt til damtilsynet og beredskapstilsynet som skal trekkjast ut av faktureringsgrunnlaget for 2011.

Nytt forslag til løyving er 55,5 mill. kroner.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet

Post 70 Bidrag til kulturminnevern

Løyvinga blir foreslått redusert med 6,5 mill. kroner. Endringa skuldast at det ikkje blir innbetalningar knytt til revisjons- og fornyingssakar i 2011.

Det blir ikkje foreslått løyving under posten i 2011.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege handsaminga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytta til petroleumsverksemda, jf. Prop. 1 S og Innst. 9 S (2010-2011).

Nedanfor gjer Olje- og energidepartementet greie for bruk av slike fullmakter i 2011.

3.1 Fullmakt XII – Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Fullmakt for forenkla handsaming frå styresmak-
tene si side har blitt nytta ved seks høve i 2011:

Visund Sør

Departementet mottok 24. januar 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Visund Sør. Visund Sør blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og kopla til Gullfaks C-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport via Kårstø. Oljen blir lasta via lastebøyer til tankskip. Produksjonen er planlagt å ta til hausten 2012. Rettshavarane på Visund Sør er operatøren Statoil ASA (53,2 pst.), Petoro AS (30 pst.), ConocoPhillips Skandinavia AS (9,1 pst.) og Total E&P Norge AS (7,7 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 5 500 mill. 2010-kroner.

Plan for utbygging og drift av Visund Sør ble vedteken ved kongeleg resolusjon 27. mai 2011.

Hyme

Departementet mottok 14. april 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Hyme. Hyme blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og kopla til Njord-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Produksjonen er planlagt å ta til første kvartal 2013. Rettshavarane i Hyme er operatøren Statoil ASA (35 pst.), Faroe Petroleum (7,5 pst.), GDF SUEZ E&P Norge AS (20 pst.), E. ON Ruhrgas Norge AS (17,5 pst.), VNG Norge AS (2,5 pst.) og Core Energy AS (17,5 pst.). Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4 500 mill. 2011-kroner.

Plan for utbygging og drift av Hyme ble vedteken ved kongeleg resolusjon 24. juni 2011.

Vigdis Nordøst

Departementet mottok 12. april 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Vigdis Nordøst. Vigdis Nordøst blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen, og via Vigdis B og Vigdis F kopla til Snorre A-plattformen. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Oljen blir sendt til Gullfaks A for lasting til skip. Produksjonen er planlagt å ta til fjerde kvartal 2012. Rettshavarane i Vigdis Nordøst er operatøren Statoil ASA (41,5 pst.), Petoro AS (30 pst.), ExxonMobil E&P Norway AS (10,5 pst.), Idemitsu Petroleum

Norge AS (9,6 pst.), Total E&P Norge AS (5,6 pst.) og RWE Dea Norge AS (2,8 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4 059 mill. 2010-kroner.

Plan for utbygging og drift av Vigdis Nordøst ble vedteken ved kongeleg resolusjon 16. september 2011.

Stjerne

Departementet mottok 15. april 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Stjerne. Stjerne blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og kopla til Oseberg Sør-innretninga. Oljen blir eksportert vidare til Oseberg felt-senter og derfrå til Sture-terminalen. Gassen blir produsert og eksportert frå Oseberg felt-senter. Produksjonen er planlagt å ta til første kvartal 2013. Rettshavarane i Stjerne er operatøren Statoil ASA (49,3 pst.), Petoro AS (33,6 pst.), Total E&P Norge AS (10 pst.), ExxonMobil E&P Norge AS (4,7 pst.) og ConocoPhillips Skandinavia AS (2,4 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift av Stjerne rekna til 5 308 mill. 2011-kroner.

Plan for utbygging og drift av Stjerne ble vedteken ved kongeleg resolusjon 16. september 2011.

Atla

Departementet mottok 7. juli 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Atla. Atla blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og, via Byggve/Skirne, kopla til Heimdal-innretninga. Her vil brønnstraumen bli prosessert for vidare eksport. Produksjonen er planlagt å ta til i oktober 2012. Rettshavarane i Atla er operatøren Total E&P Norge AS (40 pst.), Petoro AS (30 pst.), Centrica Resources (NORGE) AS (20 pst.) og Det norske oljeselskap ASA (10 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 1 349 mill. 2011-kroner.

Plan for utbygging og drift av Atla ble vedteken ved kongeleg resolusjon 4. november 2011.

Brynhild

Departementet mottok 1. august 2011 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift av Brynhild. Brynhild blir bygd ut med ein installasjon på havbotnen og kopla til Pierce-innretninga på britisk sokkel. På Pierce blir oljen prosessert og lagra på eit FPSO-fartøy for vidare transport

derfrå med bøyelastingsskip. Gassen frå Brynhild vil bli injisert på Pierce-feltet. Produksjonen er planlagt å ta til 1. oktober 2013. Rettshavarane i Stjerne er operatøren Lundin Norway ASA (50 pst.), Talisman Norway AS (30 pst.) og Noreco (20 pst.).

Dei totale investeringane er i plan for utbygging og drift rekna til 4 086 mill. 2011-kroner.

Plan for utbygging og drift av Brynhild ble vedteken ved kongeleg resolusjon 11. november 2011.

4 Statnett som registeransvarleg under elsertifikatorordninga

Lov om elsertifikater, jf. Prop. 101 L (2010-2011), er det rettslege grunnlaget for eit system for handel med elsertifikat i ein svensk-norsk marknad. Elsertifikatorordninga skal bidra til auka produksjon av elektrisk energi frå fornybare energikjelder, og skal etter planen ta til 1. januar 2012.

Som ein del av forvaltninga av elsertifikatorordninga skal det opprettast eit elektronisk register for elsertifikat. I tråd med Prop. 101 L (2010-2011) leggst det opp til at Statnett SF skal vere registeransvarleg. I samsvar med § 28 i lov om elsertifikater, kan departementet fastsetje nærmare reglar

om gebyr for registrering og kontoføring i elsertifikatregisteret. Statnett skal som registeransvarleg få dekt sine faktiske kostnader gjennom gebyr. Det blei fastsett i forskrift til lov om elsertifikater at dei samla gebyra skal tilsvare dei faktiske kostnadene registeransvarleg har ved effektiv utvikling og drift i ordninga si levetid.

Det er lagt opp til å jamne ut gebyra over levetida til ordninga. Det fører til at Statnett vil ha eit akkumulert underskot dei første åra. Underskotet vil dekkjast inn i seinare år. Gebyra vil eventuelt bli justert, slik at inntektene over perioden tilsvare dei faktiske kostnada Statnett har ved effektiv utvikling og drift av registeret under heile levetida til ordninga.

NVE har ansvar for å følgje opp og godkjenne Statnetts gebyrstruktur under elsertifikatorordninga.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Olje- og energidepartementet.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet for 2011 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag

til vedtak om endringer i statsbudsjettet for 2011 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2011 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner	Kroner
1810		Oljedirektoratet		
	01	Driftsutgifter, blir auka med		3 100 000
		frå kr 232 200 000 til kr 235 300 000		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ...		4 000 000
		frå kr 198 100 000 til kr 194 100 000		
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat		
	01	Driftsutgifter, blir auka med		800 000
		frå kr 422 800 000 til kr 423 600 000		
	22	Flaum- og skredførebygging, <i>kan overførast</i> , <i>kan nyttast under post 60</i> , blir auka med		25 000 000
		frå kr 100 300 000 til kr 125 300 000		
	45	Større utstysanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast</i> , blir auka med		200 000
		frå kr 9 000 000 til kr 9 200 000		
2490		NVE Anlegg		
	24	Driftsresultat		0
		Spesifikasjon:		
		Driftsinntekter	-77 000 000	
		Driftsutgifter	70 300 000	
		Avskrivningar	5 600 000	
		Renter av statens kapital.....	1 100 000	
			0	
1833		CO ₂ -handtering		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med		153 000 000
		frå kr 590 000 000 til kr 437 000 000		
	72	Lån, TCM DA, <i>kan overførast</i> , blir redusert med		150 000 000
		frå kr 880 000 000 til kr 730 000 000		

Kap.	Post	Nemning	Kroner	Kroner
2440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheter		
	30	Investeringar, blir redusert med frå kr 25 000 000 000 til kr 21 000 000 000	4 000 000 000	
2442		Disponering av innretningar på kontinentalsokkelen		
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ... frå kr 10 600 000 til kr 1 600 000		9 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Nemning	Kroner	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet		
	70	Garantiprovisjon, Gassco, blir redusert med frå kr 1 400 000 til kr 1 250 000		150 000
4810		Oljedirektoratet		
	01	Gebyrinntekter, blir auka med frå kr 13 700 000 til kr 16 800 000		3 100 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsvirksomheter, blir redusert med frå kr 74 400 000 til kr 70 400 000		4 000 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat		
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med frå kr 59 000 000 til kr 55 500 000		3 500 000
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet		
	70	Bidrag til kulturminnevern, blir redusert med frå kr 6 500 000 til 0		6 500 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsvirksomheter		
	24	Driftsresultat, blir auka med frå kr 110 600 000 000 til kr 123 500 000 000		12 900 000 000
		Spesifikasjon:		
		Driftsinntekter	180 700 000 000	
		Driftsutgifter	-32 000 000 000	
		Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-2 000 000 000	
		Avskrivningar	-16 600 000 000	
		Renter av statens kapital	-6 600 000 000	
			<u>123 500 000 000</u>	

Kap.	Post	Nemning	Kroner	Kroner
	30	Avskrivningar, blir auka med		100 000 000
		frå kr 16 500 000 000 til kr 16 600 000 000		
	80	Renter av statens kapital, blir redusert med		100 000 000
		frå kr 6 700 000 000 til kr 6 600 000 000		

II

Fullmakt til å inngå forplikting ut over gitt løyving

Stortinget samtykkjer i at Olje- og energidepartementet i 2011 kan pådra seg forpliktingar utover gitt løyving, men slik at samla ramme for nye og gamle forpliktingar ikkje overstiger følgjande beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	22	Flaum- og skredførebygging.....	114,0
	60	Tilskot til skredførebygging	10,0
